

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
03.12.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Anny Bertelsen, Toril Hordvik, Linda Brandtun, Gerd Solheim, Helge Dyrkolbotn, Randi K. Dyrøy

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak,

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland

Kyrkjevevja: Jostein Hauge

Sokneprest:

Meldt forfall: Inger Synnevåg

Møtte ikkje: .

Saker til førehaving:

F – 41/25 – 46/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 41/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak: Godkjent

F – 42/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak: Linda Brandtun og Anne Dahle Austrheim

F – 43/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 29.OKTOBER 2025

Vedtak: Godkjent

F – 44/25 ORIENTERING;

- Det kjem til å bli installert varmpumpe i gongen oppe på kyrkjelydshuset. Det blir nytta same leverandør som på pumpene nede i salen og den vert leasa.
- Det er kome inn 4 søkjarar til stillinga som kyrkjegardarbeidar. Det er stor variasjon i kvalifikasjonar, men fleire gode kandidatar.

F – 45/25 BUDSJETT 2026

Bakgrunn:

Godkjenning av budsjettet. Austrheim kommune har lagt inn kr 4.000.000 i overføring for 2026 og kr 150.000 til investeringar. Vi bruker eit nytt system for budsjett i år som gjer at det kan leggst direkte inn i økonomisystemet vårt. Jostein Hauge og Evy Beate Uthaug har lagt det inn og har fått det i balanse.

Vedtak: Soknerådet tek det til etterretting.

F – 46/2025 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR FOR 2026

Bakgrunn:

Kvart år skal det velgast leiar og nesteleiar for soknerådet.

Vedtak: Helge Dyrkolbotn er valgt som leiar og Anne Dahle Austrheim er valgt som nesteleiar.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
03.12.2025

Tilstades på møtet

Medlemmer: Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Anny Bertelsen, Toril Hordvik, Linda Brandtun, Gerd Solheim, Helge Dyrkolbotn, Randi K. Dyrøy

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak,

Andre:
Kyrkjevevja: Jostein Hauge

Sokneprest: Stein Hugo Fykse

Møtte ikkje:

Meldt forfall: Inger Synnevåg

S – 09/2025 LITURGI I GUDSTENESTA – Saka vart utsatt frå førre soknerådsmøte

Bakgrunn:

Sidan me vedtok førre revidering av liturgien er det kome nye prest og ny organist. Det er blitt gjort nokre endringar i liturgien særleg når det gjeld kyrie og gloria. Her er me gått tilbake til 1977 varianten. Skal me ha ei ny revisjon av normalliturgien ved gudsteneste?

Vedtak: Soknerådet heldt fast på liturgien som er vedtatt.

Kvart sokn skal ha ei godkjend gudstenesteforordning. Det er biskopen som vedtek denne. Gudstenesteforordninga skal reflektere dagens praksis for antal gudstenester på søn- og helgedagar. I tillegg kjem faste tradisjonar med konfirmasjonsgudstenester på laurdagar og gudstenester på høgtidsdagane 17. mai, julaftan og evt nyårsaftan og nyårsdag.

Om det er 2 gudstenester i same kyrkje/sokn same dagen jfr julaftan, konfirmasjon, blir dette talet likevel 1 i forordninga.

Gjer, for ordens skuld, merksam på at vi har ein del gudstenester hos oss som kjem i tillegg til dei gudstenestene som biskopen forordnar, jfr For alle gudst, gudsteneste Selsøy med mfl. Gudstenesteforordninga skal, som nevnt, avspegle dagens praksis.

I dialog med kyrkjeverje og arbeidsutval er vi komne til at talet på forordna gudstenester i Austrheim sokn blir sett til 25 pr. år.

Gjer merksam på at dette talet, ifølg prosten, skal evaluerast ved årsslutt 2026, og dermed kan bli justert.

Framlegg til vedtak: Soknerådet vedtar at Austrheim sokn skal ha 25 søn- og helgedagar i løpet av eit år.

Vedtak:

Soknerådet vedtar at Austrheim sokn skal ha 25 søn- og helgedagar i løpet av eit år.